



# **HANDLINGSPLAN FOR TRYGT, GODT OG INKLUDERANDE SKULEMILJØ VED ENGELSVOLL SKULE**



19.02.21

## **Innhold**

<b>1.0 Grunnlag for skulen sitt arbeid for eit trygt og godt skolemiljø</b>	<b>s.3</b>
<b>2.0 Folkehelse og livsmeistring</b>	<b>s.4</b>
<b>3.0 Førebygging</b>	<b>s.5</b>
<b>3.1 Sosial kompetanse</b>	<b>s.5</b>
<b>3.2 Skulen sine mål for arbeidet med sosial kompetanse</b>	<b>s.5</b>
<b>3.3 Sosialt årshjul</b>	<b>s.5</b>
<b>3.4 Tid til sosialt arbeid</b>	<b>s.9</b>
<b>3.5 Friminutt</b>	<b>s.10</b>
<b>3.6 Samarbeid heim-skule</b>	<b>s.10</b>
<b>3.7 Jamnlege kartleggingar</b>	<b>s.10</b>
<b>4.0 Forventningar</b>	<b>s.11</b>
<b>5.0 Rammer for heilskapleg arbeid</b>	<b>s.13</b>
<b>6.0 Trygt og skolemiljø og mobbing (definisjon)</b>	<b>s.14</b>
<b>7.0 Aktivitetsplikta i Opplæringslova §9a</b>	<b>s.14</b>
<b>7.1 Følgje med</b>	<b>s.15</b>
<b>7.1.1 Sårbare elevar</b>	<b>s.15</b>
<b>7.2 Gripe inn</b>	<b>s.16</b>
<b>7.3 Varsle</b>	<b>s.17</b>
<b>7.4 Undersøkje</b>	<b>s.17</b>
<b>7.5 Setje inn tiltak og evaluere</b>	<b>s.18</b>
<b>7.6 Dokumentasjon</b>	<b>s.20</b>
<b>7.7 Skjerpa aktivitetsplikt - opplæringslova §9a-5</b>	<b>s.20</b>
<b>8.0 Årshjul</b>	<b>s.22</b>
<b>Vedlegg 1</b> <b>Opplæringslova §9a</b>	<b>s.29</b>
<b>Vedlegg 2</b> <b>Ordensreglement for skulane i Klepp kommune</b>	<b>s.31</b>
<b>Vedlegg 3</b> <b>Aktivitetsplan - mal</b>	<b>s.39</b>
<b>Vedlegg 4</b> <b>Evalueringsskjema - mal</b>	<b>s.41</b>
<b>Vedlegg 5</b> <b>Skjema oppfølging observasjon/klassetrivsel</b>	<b>s.43</b>
<b>Vedlegg 6</b> <b>Elevsamtale med elev som opplev å ikkje ha det trygt</b>	<b>s.44</b>
<b>Vedlegg 7</b> <b>Elevsamtale med elev som utøver utrygge situasjonar</b>	<b>s.45</b>
<b>Vedlegg 8</b> <b>Oppfølgingssamtale med elev §9a - mal (bm)</b>	<b>s.46</b>
<b>Vedlegg 9</b> <b>Varslingsskjema</b>	<b>s.48</b>
<b>Vedlegg 10</b> <b>Kva kan vera signal på manglande trivsel?</b>	<b>s.49</b>

## 1.0 Grunnlag for skulen sitt arbeid for eit trygt og godt skulemiljø

**Alle elevane på Engelsvoll skule skal oppleva eit trygt og godt skulemiljø**

§9a i Opplæringslova omhandlar retten til eit trygt og godt skulemiljø (sjå vedlegg 1 for lovttekst). Denne planen syner korleis tilsette ved Engelsvoll skule arbeider førebyggande for eit godt skulemiljø og korleis me skal handtera aktivitetsplikta som innhold plikt om å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkja og dokumentera i saker kor elevane ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Å skapa eit sunt oppvekstmiljø på skulen er det aller viktigaste me kan gjera for å fremma folkehelse og livsmestring. Skulen skal vera eit godt og meiningsfullt fellesskap, kor det er rom for alle og kor alle kan utvikla sin eigenart. Skulen har etter opplæringslova §9a ansvar for å sikra eit læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen har nulltoleranse mot krenkingar, og for å sikra elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø har me ein tydeleg aktivitetsplikt.

Det er elevane si subjektive oppleving av situasjonen som avgjer om han eller ho føler at det er trygt og godt miljø på skulen. Skulen skal ikkje berre sørge for at det er trygt og godt, men òg fremja god psykisk helse og trivsel. Me skal vera ein skule som inkluderer alle.

Å arbeida systematisk med sosialt læring og utvikling, er ein viktig del av skulen sitt arbeid med inkludering og eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen sin visjon «Kunnskap og leik - mangfald og glede» skal vera ei leihestjerne for vårt elevsyn og det læringsmiljøet som me ønskjer å leggja til rette for. Gjennom positiv kommunikasjon, positive forventningar og å anerkjenna elevane vert det skapt ein trygg plattform. Dei vaksne skal gå føre som gode rollemodellar og fokusera på det positive i alle våre elevar.

Målet med planen er å utvikla elevane sin sosiale kompetanse, skapa rause og robuste elevar, gje dei positive fellesopplevelingar med trygge og positive vaksne rundt seg. Kort og godt sørge for eit trygt og godt skulemiljø.


## 2.0 Folkehelse og livsmeistring

Frå 2020 vart folkehelse og livsmeistring eit av dei sentrale emna i overordna del i den nye læreplanen. Livsmeistring i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjev høve til å ta ansvarlege livsval. I barneskulen er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande. Livsmeistring dreier seg om å forstå og kunna påverka faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Temaet skal bidra til at elevane lærar å handtera medgang og motgang på ein best mogleg måte.

Aktuelle område innanføre folkehelse og livsmeistring er:

- Å kunna handtera tankar, kjensler og relasjonar
- Å kunna setje grenser og respektera andre sine grenser
- Fysisk og psykisk helse
- Levevanar, seksualitet og kjønn
- Mediebruk, forbruk og personleg økonomi

Sosial læring og utvikling går føre seg i eit fellesskap, og i samhandling med andre. Gjennom dette samspelet utviklar elevane sosiale ferdigheter som empati, samarbeid, sjølvheving, sjølvregulering og ansvar. Desse ferdighetene er viktige byggjesteinar i elevane si faglege og sosiale læring.



### **3.0 Førebygging**

#### **3.1 Sosial kompetanse kan sjåast på som:**

- ein føresetnad for verdsetting, venskap og sosial integrering.
- ein ressurs for å meistra stress og problem.
- ein viktig faktor for å motverka utviklinga av problemåtferd.


#### **3.2 Skulen sine mål for arbeidet med sosial kompetanse:**

- Me vil ha klare, felles forventningar til elevane.
- Me vil skapa grunnlag for eit godt læringsmiljø.
- Me vil at elevane skal møta tydelege vaksne.
- Me vil gje elevane opplæring og erfaring i samarbeid.
- Me vil at elevane skal ta ansvar for seg sjølv og visa omtanke og respekt for andre.
- Me vil at elevar og personalet skal trivast.
- Me vil ha foreldra som nødvendige støttespelarar.

#### **3.3 Sosialt årshjul**

Skulen har fokus på sosial kompetanse gjennom året i arbeidet med det sosiale årshjulet. For å lykkast i opplæringa av sosial kompetanse er det viktig å formidla tydlege forventningar og klare oppfatningar om kva som skal lærest. Dei vaksne skal klart formidla til elevane kva forventningar dei har til sosial åtferd innanfor dei ulike periodane i løpet av skuleåret.






## **God skulestart – august/september**



## **Venskap – september/oktober**




## **Samarbeid - november/desember**



## **Respekt - januar/februar**



## Ansvar - februar/mars



## Mot - april/mai



## Omtanke - mai/juni

### 3.4 Tid til sosialt arbeid

Alle steg har ein eigen time på timeplanen. Denne økta kan bestå av elevrådsarbeid, diskusjonar rundt felles reglar, filmsnuttar, samtalar og øvingar på korleis ein kan gleda andre, få eit betre klassemiljø og liknande.


1.-4. steg held systematisk på med «Zippys venner» og alle steg bruker «Hei-spelet» som eit utgangspunkt for samtalar på stega. 5.-6. steg arbeider med «Passport».



Engelsvoll skule har fokus på inkluderande undervisning, og at dei tilsette planlegg for både sosial og fagleg læring. Sosialt arbeid gjennomsyrer kvardagen både i klasseroma og ute i friminutta.

### 3.5 Friminutt

Dei tilsette har kvar sine område som dei er på ute. Kvar haust gjennomgår me korleis ein skal vera ute blant elevane. Fokuset ligg på relasjonsbygging, aktiv observasjon, involvering og å gripe inn dersom det er nødvendig.



Engelsvoll skule er ein TL-skule og har trivselsleiarar ute fire dagar i veka som leiar aktivitetar. Dei tilsette organiserer friminuttven eller grupper for å byggja relasjonar mellom elevane på steget.

### 3.6 Samarbeid heim-skule

Skulen nyttar SchoolLink til melding om fråver og korte meldingar. Alle føresette kan ha tilgang til læringsplattforma Showbie for å følgja med på eleven sine lekser og utvikling. Elevane har ein læringsplan med informasjon til dei føresette. Heimesida til skulen vert nytta til skuleomfattande informasjon og oppdateringar av kva som skjer på skulen. Det skal vera låg terskel for føresette å ta kontakt med alle vaksne ved skulen. I løpet av året vert alle føresette kalla inn til to utviklingssamtalar og to foreldremøte. Det eine foreldremøte kallar lærarane inn til og det andre vert avtalt mellom kontaktlærar og foreldrekontakt. Fau har òg eit årleg møte med eit aktuelt tema.

### 3.7 Jamlege kartleggingar

Engelsvoll skule nyttar klassetrivselundersøkinga jamnleg gjennom året. Tidspunkta ligg i årshjulet. Denne undersøkinga er ikkje anonym. Lærar og leiing får på denne måten eit godt bilete på korleis elevane trives på

skulen og deira sosiale relasjonar. Like viktig som undersøkinga er drøftingar og tiltak etter at undersøkinga er teken. Elevane sine tilbakemeldingar vert drøfta på steg, team og i steksamtaletar. Kvart år svarar 6.-7.steg på elevundersøkinga.

Rektor skal sikra korleis skulen systematisk får informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet.

## 4.0 Forventningar

### Til tilsette på skulen:

- Gjer det klart kva forventninga me har, og kva som er viktig for arbeidet i skulen
- At personalet arbeidar for å skapa tryggleik for elevane
- At lærarane er tilgjengelege i arbeidstida, og tek kontakt om noko spesielt skulle henda bornet ditt
- At lærarane møter opplagde, engasjerte og har planlagt arbeidet godt og er oppdatert på ulike læremåtar
- At me er tydelege vaksne leiarar, rettferdige og set tydelege grenser
- At me informerer om det som skjer i klassen og på skulen, og er opne for konstruktive innspel

### Til føresette:

- Bidra til å skapa eit godt miljø og vera lojale til det skulen legg opp til
  - Snakka positivt om skulen med borna
  - Ha null toleranse for mobbing og vald
  - Fokusera på viktige verdiar som rett og galt, likeverd, toleranse, respekt, empati og god språkbruk
- Stillar på foreldremøter og foreldresamtalar
- Sørga for at borna har rett utstyr til rett tid/aktivitet
- Skapa gode rutinar for sunt kosthald, måltider og sovn
- Følgja opp heimearbeid og informasjon frå skulen
  - Fokusera på nytteverdien av læring og oppmuntra til skulearbeid
  - Stimulera og motivera til læring ved høgtlesing
- Stillar forventningar til bornet og vera ein tydeleg voksen som set grenser
  - Vera positive og gode rollemodellar
  - Skapa trygge rammer, visa kjærleik og omsorg
- Gje konstruktive tilbakemeldingar til skulen
  - Engasjera seg i borna sitt miljø

### Til elevane:

- Følgja skulen og steget sine reglar
- Vera høfleg, bruk fine ord og venta på tur
- Visa omtanke, ansvar og respekt for vaksne og medelevar
- Møte til rett tid og bruk tida rett
- Halde skule og pult, hylle, garderobe rein og fin - gje beskjed om noko er øydelagt
- Ta vare på ting - bøker og materiell

Ha fokus på positiv forsterking, og fylgja opp konsekvensar.

### Oppfylging

Skulen vil ha ein tett dialog med heimen i arbeidet med elevane, og me vil fylgja ei slik tiltakskjede når det er naudsynt med tettare oppfølging:

#### Elevar:

- Ved regelbrot/uønska hendingar:
  - Samtale med elev
  - Telefon heim
  - Samtale med kontaktlærar og føresette
  - Samtale med rektor
  - Skulen fører avvik
- Forventning om at føresette fylgjer opp

#### Føresette:

- Kontaktlærar tek kontakt med føresette
- Om det ikkje skjer endring vil rektor kalla inn til møte med føresette og kontaktlærar
- Om det ikkje skjer endring vil rektor kalla inn til møte med utvida innsatsteam for vidare oppfylging.



## 5.0 Rammer for heilskapleg arbeid

Det er ein samanheng mellom tryggleik, trivsel, sosial kompetanse, læringsmiljø og læringsresultat.

Me byggjer opp vårt arbeid rundt dette slik:

Dagleg fokus på relasjonsbygging og klasseleiing på steget	<ul style="list-style-type: none"><li>✓ Kvart steg utarbeider grunnlag og tiltak for korleis ein arbeider med dette på sitt steg.</li><li>✓ Dette vert presentert på første foreldremøte på hausten.</li></ul>
Dagleg fokus på relasjonsbygging og leiing i friminutta	<ul style="list-style-type: none"><li>✓ I friminutta har me eit spesielt fokus på relasjonsbygging med dei elevane me ikkje har til vanleg.</li><li>✓ Viss det oppstår negative episodar i friminutta der elevar frå forskjellige steg er involvert, samarbeider dei involverte lærarane i løysinga av konfliktane så snart som mogeleg same dag.</li></ul>
Eit tett og godt heim-skule samarbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>✓ Føresette er velkomne til å ta kontakt med skulen om det er noko ei lurer på eller er nøgde med eller bekymra for.</li><li>✓ Føresette kan forventa at skulen har låg terskel for å ta kontakt heim om det er noko.</li><li>✓ Heimane får jamleg tilbakemelding på eleven si faglege og sosiale utvikling.</li><li>✓ På foreldremøta vert foreldre spurde om kva dei er nøgde med og kva dei ønskjer endra.</li><li>✓ På utviklingssamtalane vert foreldre og elevar spurde om kva dei synest om den oppfylginga dei får på skulen.</li><li>✓ I november gjennomfører me foreldreundersøkinga.</li></ul>
Fokus på den einskilde elev	<ul style="list-style-type: none"><li>✓ Elevane får visa kva dei har lært i alle fag gjennom arbeid med dei 4 prinsippa i vurdering for læring.</li><li>✓ Me prøver så langt råd å nytta lærarressursane fleksibelt</li><li>✓ Me driv inkluderande undervisning.</li></ul>

## 6.0 Trygt og godt skolemiljø og mobbing.

Definisjon:

«Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og eller fysisk vold mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller grupper. Det er et ujamt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodene gjentas over tid»

Roland og Vaaland

Trygt og godt skolemiljø dreier seg om meir enn bare mobbing.

«Mobbing av barn og unge er handlinger fra voksne og/eller barn og unge som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull deltaker i fellesskapet og muligheten til medvirkning»

Lund, Helgland,Kovac

## 7.0 Aktivitetsplikta i Opplæringslova §9a

Etter lova har alle elevar rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar trivsel og læring, og skulen har ei plikt til å oppfylle dette.

Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeider i skulen eller utfører arbeid eller tenester som medfører at dei har kontakt med eller observerer elevar.


**Formål:** Sikra at skulen handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skulen har ei plikt til å informere elevar og føresette om deira rettar etter §9a, om skulen si aktivitetsplikt og moglegheita føresette/elevar har til å melde til fylkesmannen.

Skulen gir informasjon om aktivitetsplikta til alle føresette på foreldremøta om hausten og legg informasjon ut på skulen si heimeside.

Aktivitetsplikta er delt inn i seks delplikter:

- Følgje med
- Gripe inn
- Varsle
- Undersøke
- Sette inn tiltak og evaluere
- Dokumentere



### 7.1 Følgje med

Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgja med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Dette gjeld òg byggdriftar, reinhaldarar og helsejukepleier.

Rektor skal sikra at alle har kunnskap om kva som kan vera teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt. Personalet må i fellesskap reflektera over kor og når krenkingar kan skje og kven som kan vera utsett for å bli krenka eller som sjølv krenker. Dette vert det arbeidd med ved skolestart og refleksjonar skjer gjennom året på steg, team og i PU-tid. Kva som kan vera signal på manglande trivsel ligg som vedlegg.

Det er eleven sin subjektive oppleving som avgjer om eleven har det trygt og godt.

På Engelsvoll skule følgjer me med slik:

- Tydelege vaksne med blikk for dei sårbare elevane
- Alle vaksne beveger seg på skulearealet og "skanner" området ein er på
- Dei vaksne skal engasjera seg i kva som blir sagt og gjort blant elevane
- Hyppige ikkje-anonyme klassemiljøundersøkingar (tidspunkt er konkretisert i skulen sitt årshjul)
- Elev- og utviklingssamtalar
- Systematisk observasjon i friminutta
- Elevundersøkinga ein gong i året (6.-7.steg)
- Skolemiljøet skal vera ei fast sak på elevråd og FAU
- Steg og team drøftar ekstra sårbare elevar minst to gonger i året.

### 7.1.1 Sårbare elevar

Rektor skal sikra at alle på skulen følgjer spesielt godt med på sårbare elevar og at personalet har kunnskap om kva forhold rundt ein elev som kan gjera eleven særskilt sårbart.

Skulen har eit skjerpa ansvar for å ivareta elevar som er særskilt sårbare. Desse elevane er i risiko for å bli utsett for mobbing og kan også vera dei som mobbar andre.

Eit godt læringsmiljø beskyttar mot auka sårbarheit. Alle kan vera sårbare i kortare eller lengre periodar av livet, spesielt når ein har utfordrande livssituasjonar og relasjonar. Når elevar er i ein sårbart situasjon, er det viktig at skulen gjenkjenner og forstår. Haldningar er viktige i skulen sitt arbeid. Korleis dei tilsette forstår og tolkar sårbarheit, avgjer korleis ein handlar og kva ein seier eller ikkje seier.

Skulen må òg kjenne til ulike faktorar som kan auke sårbarheita sjå elevar. Desse kan vera knytta til:

- Det individuelle (sjukdom, diagnostar, temperament, språkvanskjar)
- Familie (omsorgssvikt, psykisk sjukdom, samlivsbrot, rus, høgt konfliktnivå)
- Dei på same alder (mobbing, vennelasjonar)
- Miljøet (fattigdom, kriminalitet, mangel på sosialt nettverk)

Dei tilsette arbeider med dette temaet kvar haust i den pedagogiske utviklingstida, og elevane sin sårbarheit vert drøfta på stega og team, og er på agendaen ved stegsamtalar med leiinga. Tidspunkt står i eigen halvårsplan for teamarbeid.

## 7.2 Gripe inn

Det er eit krav om nulltoleranse, og rektor må sørge for at alle som jobbar ved skulen straks grip inn ved krenkingar som utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald og diskriminering.

Rektor skal sørge for at dei tilsette kjenner til korleis dei skal gripe inn, og dette vert det arbeidd med kvar haust (jf. årshjulet).

Plikta til å gripe inn er begrensa til inngrep som er mogleg å gjennomføra. Me skal ikkje skada oss sjølv eller andre, eller krenkja andre for å stansa situasjonen, med mindre det er naudrett.

På Engelsvoll skule grip me inn slik:

- Negativ åtferd skal stoppast på ein tydeleg og respektfull måte
- Henvende seg tydeleg til ein og ein elev - framfor heile gruppa
- Gje ein tydeleg og klar beskjed. Minimal bruk av ord
- Bruk av namn er eit sterkt verkemiddel
- Avtal vidare oppfølging
- Den som grip inn melder i frå til kontaktlærar som logg-fører hendinga i Vismá. Ei enkelt-hending treng ikkje opplevast som alvorleg der og då, men kontaktlærar får då oversikt og kan sjå det heile biletet rundt eleven.

## 7.3 Varsle

Rektor skal sikre at alle som jobbar i skulen, raskt varsler rektor eller sosiallærar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det kan til dømes vera meldingar frå føresette eller medelever, tilbakemeldingar i undersøkingar, melding frå eleven sjølv, aktivitet i sosiale media eller basert på eigne observasjonar.

Rektor skal varsle skuleeigar om alvorlege tilfelle. Det kan til dømes vera saker der det er mykje vald, fleire elevar er involverte i mobbing mot enkeltelev eller digital mobbing på tvers av skular.

På Engelsvoll skule varsler me slik:

- Når ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dette varsles til rektor eller sosiallærar same dag ved å bruke varslingsskjema (vedlegg 9)
- Ein frå skuleleiinga skal vera kontaktperson til læraren som skal handsama saka.

## 7.4 Undersøkje

Viss vaksne på Engelsvoll skule får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal ein undersøkje saka straks.

Saka skal undersøkast same dag, eller dagen etter dersom varslinga kjem etter skuletid. I samarbeid med leiinga blir det avklart kva undersøkingar som skal gjennomførast og kven som skal gjennomføra dei.

Skulen skal ikkje skaffe og vurdera bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba. Skulen skal undersøkja eleven si oppleveling av skulemiljøet. Eleven skal medverka og har rett til å bli høyrt.

Rektor må sikre at alle involverte elevar skal bli høyrt.

Skulen må nytta ulike og varierte måtar å undersøkje på.

Undersøkingane skal få fram:

1. Fakta om situasjonen. Avdekka kva som har skjedd.
2. Eleven si oppleveling av skulemiljøet.

Undersøkingane skal vera grunnlaget for å sette i verk effektive tiltak. Analyse av resultata blir derfor viktig. Alle undersøkingar skal skriftleggjerast i innleiinga til aktivitetsplanen.

På Engelsvoll skule undersøkjer me slik:

- Kontaktlærar snakkar med elev og føresette for å kartlegge eleven si oppleving av skolemiljøet og kva som har skjedd.
- Kjem det fram gjennom samtalen med elev og føresette at eleven ikkje har det trygt og godt utan at den blir krenka av andre, vert det laga ein aktivitetsplan med tilpassa tiltak til dette og ein avtalar med elev og føresette den vidare oppfølginga. Ein kan òg nytt Kleppmodellen i vidare arbeid og oppfølging.
- Kjem det fram gjennom samtalen med elev og føresette at elev ikkje har det trygt og godt grunna andre elevar, snakkar kontaktlærar med mobbar(ane) eller den/dei som fører til mistrivsel. Telefon heim til føresette.
- Kontaktlærar kan koma til sosiallærar eller rektor dersom ein treng hjelp til samtalane.
- Det blir laga eit notat frå samtalane.
- Kontaktlærar informerer sosiallærar og/eller rektor etter punkta over dersom den/dei ikkje allereie er involverte.
- Vidare undersøkingar blir vurdert:
  - Observasjonar (systematiske og usystematiske)
  - Elevamtalar
  - Samtale med føresette
  - Klassetrivselundersøkingar for å undersøke klassemiljø og relasjonar
  - Vidare undersøkinga av saka til dømes med Innblikk eller Spekter
  - Kleppmodellen kan òg nyttast (<https://klepp.betreinnsats.no/>)

## 7.5 Setje inn tiltak og evaluere

Skulen har plikt til å setja inn eigna tiltak, dersom retten til eit trygt og god skolemiljø ikkje er oppfylt. Plikten gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt. Skulen skal aldri bagatellisera eleven si oppleving av skolemiljøet.

Rektor skal sørge for at val av tiltak blir gjort ut frå faglege vurderingar.

Eleven sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn når ein set inn tiltak.

Elevar som har tiltak retta mot seg har òg rett til å uttala seg. Det skal òg skriftleggjerast. Tiltaka skal vera tydelege, ha presise mål og hensikta med tiltaket skal konkretiserast.

Tiltaka kan rettast mot:

- Den som vert krenka
- Den som krenkjer
- Tilskodarar
- Gruppa/trinnet
- Heile skulemiljøet

Engelsvoll skule sin framgangs måte

- Forslag til tiltak vert drøfta med elev og føresette
- Kontaktlærar, sosiallærar og rektor lagar ein aktivitetsplan med tiltak, gjennomføring, ansvar og tidspunkt for evaluering.
- Kontaktlærar er ansvarleg for at steget evaluerer tiltaka kvar veke fram til neste evalueringsmøte med elev og føresette
- Evalueringsmøte etter avtale med elev og føresette, etter omlag 4 veker. Oftare kontakt pr.telefon dersom føresette ønskjer dette. Nye tiltak og nye evalueringsmøte vert avtalt, heilt til eleven har det trygt.
- Tett oppfølging av den som mobbar eller gjer at elev opplev mistrivsel. Tett dialog med heimen. Lag notat frå samtalar og referat frå møter.

Rektor må følgje opp at tiltaka blir gjennomførte og evaluera verknad av tiltaka og behov for nye tiltak blir vurderte.

Tiltaka skal vera lovlege. Sanksjonar skal vera i tråd med ordensreglementet til Klepp kommune. Tiltaksplikta varer så lenge eleven opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Skulen må setja inn nye og meir intensive tiltak viss det viser seg at eleven ikkje opplever tryggleik. Føresette og elev kan anke saka til Fylkesmannen.

Link til rettleiing: [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no)

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/>

## 7.6 Dokumentasjon

Skulen må dokumentera skriftleg kva som vert gjort.

Engelsvoll skule nyttar Jærskulen sin mal for aktivitetsplan.

Aktivitetsplanen skal syne kor tid saka er varsla, ei skildring av utfordringar, kva undersøkingar som er gjort, kva tiltak som skal setjast i gong, kven som har utarbeida tiltaka, kven som har ansvar for tiltaka og kor tid tiltaka skal evaluerast.

Rektor skal skriva under på aktivitetsplanen. Planen skal lagrast i det elektroniske arkivet. Føresette får eit eksemplar av planen.

Språket i aktivitetsplanen skal vera forståeleg for alle partar. Det er kun elev og føresette til eleven som ikkje har det trygt og godt som skal sjå innhaldet i aktivitetsplanen (ikkje mobbar/krenkar eller føresette).

Krenkar/mobbar og føresette er ikkje juridisk part i saken. Den som er klaga inn i saka skal få informasjon om dette, og det skal skriftleggjerast. Vedkomande elev/føresette har krav på å koma med sin versjon (kontradiksjon). Det skal òg skriftleggjerast.

Ved evaluering av tiltaka i aktivitetsplanen skal det fyllast ut evaluatingsplan utarbeida av Jærskulen.

NB: Me skriv normalt ikkje namn på andre born i aktivitetsplanar. Me nyttar andre omgrep som utøvande elev, mobbar eller krenkar. Anonymisering må ikkje gå utover forståinga av problemet.

## **7.7 Skjerpa aktivitetsplikt - Opplæringslova §9a-5**

Dersom vaksne ved skulen krenker barn.

Dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenkingar, skal vedkommende varsle rektor same dag.

Rektor tek kontakt og informerer skulesjefen. Det vert avtalt i kva grad skulesjefen skal vera involvert i sjølve saksgangen eller bli informert av rektor underveis.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står for krenkinga, skal skulesjefen varslast direkte av den som fekk mistanke eller kjennskap til krenkinga.

Kravet om at desse sakene skal handterast raskt, må ikkje gå ut over ein forsvarleg prosess. Dersom ein mistenker eller får vita at ein elev opplev seg krenka av ein tilsett, er dette alvorleg og skal undersøkast grundig.

Her er det viktig å høre eleven si oppfatning av situasjonen, på same måte som det er viktig å høre på den tilsette.

Vidare saksgang etter varslinga:

#### Undersøking av saka

1. Kort samtale mellom elev og rektor for å avklare kven dette gjeld og kva som har skjedd. Notat blir lagt i elevmappa.
2. Rektor varsler den tilsette om saka og informerer om vidare saksgang.
3. Rektor kallar inn dei føresette og elev til samtale snarast. Presisere at informasjon frå samtalens blir teken med vidare i samtale med den tilsette. Referat blir lagt i elevmappa.
4. Rektor har møte med den tilsette. Moglegheit for kontradiksjon. Tilsett kan ha med tillitsperson. Referat frå møtet blir lagt i personalmappa. Rektor og den tilsette førebur seg til møte med føresette/elev. Eigna tiltak blir drøfta.
5. Ved behov undersøker rektor saka vidare mellom anna ved samtaler med den som varsla saka og andre involverte.
6. Rektor kallar inn til møte mellom tilsett og føresette/elev. ÅDeltakarane kan ha med seg tillitsperson. Møte blir leia av rektor. Alle partar må kome til ordet. Viktig at det blir lagt til rette for roleg og sakleg "klima". Referat frå møtet blir lagt i personalmappe og elevmappe. Avklare med elev om saka skal følgje vidare saksgang etter §9a.
7. Møte med den tilsette der oppfølging/tiltak blir avtalt. Observasjon og rettleiing som tiltak. Evt.bruk av skriftleg advarsel. Avtale evaluering/oppfølging. Referat frå møte blir lagt i personalmappa.
8. Møte med foreldre/elev der tiltak i aktivitetsplanen blir avtalt. Avtale om vidare evaluering og oppfølging. Referat frå møtet blir lagt i elevmappa.
9. Vidare oppfølgingsmøte etter behov.

#### 8.0 Årshjul

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø. Engelsvoll skule skal vera fri for alle former for krenkande åtferd, og skolemiljøet skal virka positivt på elevane si helse, trivsel og læring.

Engelsvoll skule skal driva eit aktivt og systematisk arbeid for å fremja eit godt og trygt skolemiljø for den einskilde og alle.

### Systematisk og førebyggjande arbeid

Å oppretthalda og vidareutvikla trygge og gode skolemiljø krev eit heilskapleg, langsiktig og systematisk arbeid. Arbeidet er tredelt.

1. Arbeidet med å fremma eit trygt og godt skolemiljø er ein del av den ordinære pedagogiske praksisen på ein skule, og er ofte universelle tiltak som kjem alle elevane til gode.
2. Førebygging av mobbing og andre krenkande handlingar er retta mot å redusera risikoen for at mobbing og anna krenkande åtferd skjer.
3. Handtering av mobbing og andre krenkande handlingar handler om korleis skulen følgjer delpliktene i aktivitetsplikten:
  - a. Plikt om å fylgja med
  - b. Plikt om å gripa inn
  - c. Plikt om å varsla
  - d. Plikt til å undersøkje
  - e. Plikt til å setja inn tiltak

På Engelsvoll skule skal ein arbeida etter denne planen, for å fremma eit trygt og godt skolemiljø, og samtidig førebyggja og avdekka mobbing og andre krenkande handlingar.



Mål: Alle elevar på Engelsvoll skule skal ha eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø.

Tid	Aktivitet	For kven	Ansvarleg
-----	-----------	----------	-----------

august - skulereglar og god skulestart			
Planleggingsdag i august	Engelsvoll skule har eit årshjul for fellesaktivitetar, og for arbeidet med elevane sitt læringsmiljø. Dette blir gjennomgått på planleggingsdag kvar haust ved oppstart av skoleåret.	Alle tilsette	Rektor
	<p>Opplæring og informasjon til alle tilsette om;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klepp kommune og Engelsvoll skule sitt ordensreglement</li> <li>• Engelsvoll skule sin «Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø»</li> <li>• Opplæringslova kap 9a Aktivitetsplikta og delpliktane (§9a-4) Skulen sin skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenkar ein elev (§9a-5) Barnets beste- vurdering, Barnekonvensjonen artikkel 3 §9a-6 om Fylkesmannen si rolle, og at Fylkesmannen kan vedta tiltak for skulen</li> </ul>	Alle tilsette	Rektor
Skulestart	<p>Fellessamling første veke – <b>på steg hausten 2020 grunna smittevern</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- god skulestart for alle</li> <li>- alle har rett på eit trygt og godt skulemiljø</li> <li>- månadens mål for sosial kompetanse: God skulestart</li> </ul>	1.-7. steg	Leiinga, kontaktlærar, evt. elevråd
Innan august	<p>Gjennomgang av ordensreglar, felles rutinar og «Handlingsplan for et trygt og godt skulemiljø»</p> <p>Alle elevar i lag med kontaktlærar utarbeidar 3- 6 klassereglar for eige klassemiljø</p> <p>Kontaktlærarane på kvart steg lagar mål for arbeidet med klassemiljø- og relasjonsbygging</p> <p>Pu-økt med fokus på dei sårbare elevane. Presentasjon/informasjon til alle tilsette.</p>	Elevane  For klassane  1.-7.steg  Alle tilsette	Kontaktlærar  Kontaktlærar  Kontaktlærar  Rektor
september - God skulestart/venskap			
Etter skulestart	<p>Møte der kap 9a i Opplæringslova er på agendaen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæringslova kap 9a</li> <li>• Aktivitetsplikta med delplikter Informera om rettane til elevane og foreldra. Informera om aktivitetsplikta. Informera om at ei sak kan meldast til Fylkesmannen etter at saka er tatt opp med rektor.</li> <li>• Opplæringslova kap 9a- informasjon på <u>skulen si heimeside</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon om vaksne og born sine rettar <a href="http://www.nullmobbing.no">www.nullmobbing.no</a></li> <li>• Udir sin guide om <u>Mobbing og mistriksel-hva skal skolen gjøre?</u></li> </ul> </li> </ul>	Foreldre-kontaktar og kontaktlærar	Rektor Kontaktlærar

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klepp kommune sitt nettstad om <a href="#">skulemiljø</a></li> <li>• Fylkesmannen si side «Har du det trygt og godt på skulen?» <a href="https://www.fylkesmannen.no/nn/Rogaland/Barnehage-og-opplaring/Ein-trygg-skuledag-utan-mobbing/">https://www.fylkesmannen.no/nn/Rogaland/Barnehage-og-opplaring/Ein-trygg-skuledag-utan-mobbing/</a></li> <li>• Jærskulen <a href="http://www.tryggskule.no/">http://www.tryggskule.no/</a></li> </ul>		
Ved skulestart	<p>Oppstart av elevrådsarbeid – <b><i>alternativ organisering hausten 2020</i></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kap 9a er fast på agendaen</li> <li>• aktivitetsplikta: <ul style="list-style-type: none"> <li>• informera om rettane til elevane</li> <li>• informera om aktivitetsplikta</li> <li>• informera om at ein sak kan meldast til Fylkesmannen etter at saka er tatt opp med rektor</li> </ul> </li> <li>• skulen si heimeside med lenker</li> <li>• Klepp kommune og Engelsvoll skule sitt ordensreglement</li> </ul> <p>Elevrådet utarbeider eit eige årshjul, der det vert sett opp arrangement som kan bidra til eit godt skulemiljø.</p> <p>Powerpoint- presentasjon til bruk i klassane Korleis kan elevar melda ifrå om mobbing Kva har elevar rett på?</p> <p>Elevane deltek aktivt i elevdemokrati gjennom å bruke si stemme i elevrådet.</p> <p>Elevrådet sine representantar melder ifrå til vaksne på skulen og heime dersom dei opplever eller ser medelevar som vert utsett for krenkande åtferd.</p> <p>Oppstart av TL- <a href="#"><b><i>Trivselsleder</i></b></a> – <b><i>alternativ organisering hausten 2020</i></b></p> <p>Dagstur på tvers av klassar – <b><i>alternativ organisering haust 2020</i></b></p>	4.- 7. steg	Rektor i samarbeid med kontaktlærar for elevråd
		1.-7. steg	Elevrådet
I løpet av september	<p>Fellessamling: VENSKAP <b><i>alternativ digital markering hausten 2020</i></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli med dans</li> </ul>	1.-7. steg	TL-kontakt og elevar frå 4.-7. steg
Foreldremøte innan utgangen av september/ oktober	<p>På foreldremøte om høsten er kap 9a fast på agendaen;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæringslova kap 9a, aktivitetsplikta med delpliktene <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informere om rettane til elevene og foreldrene i kap 9a</li> <li>• Informera om aktivitetsplikta</li> <li>• Informera om at ei sak kan meldast til Fylkesmannen etter at saka er tatt opp med rektor</li> </ul> </li> </ul>	Alle føresette ved skulen	Kontaktlærar i samråd med tillitsvalde føresette

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon og lenker på <a href="#">skulen si heimeside</a></li> <li>• Engelsvoll skule sin «Handlingsplan for trygt og godt skolemiljø»</li> <li>• Klepp kommune og Engelsvoll skule sitt ordensreglement</li> <li>• Ressurs frå fylkesmannen: <a href="#">Film og viktig informasjon</a></li> <li>• Steget sitt psykososiale miljø er tema på foreldremøte</li> </ul>		
PU-økt før haustferien	Godt skule-heim samarbeid; prinsipp for kommunikasjon, oppfølging og skulen som profesjonell aktør. Case-arbeid	Alle tilsette	Leiinga og kontaktlærar
Kontinuerleg gjennom heile skuleåret	Sikra tett kontakt med foreldregruppa, og sørga for at foreldra veit at det er lav terskel for å mæla ifrå om elevar ikkje har det bra.	Føresette	Kontaktlærar
FAU- møte og SU	<p>Rektor sikrar at alle foreldre - representantar og dei andre representantene i FAU og SU er godt kjent med;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klepp kommune og Engelsvoll skule sitt ordensreglement</li> <li>• Skulen sin «Handlingsplan for trygt og godt skolemiljø»</li> <li>• Informasjon og lenker på <a href="#">skulen si heimeside</a></li> <li>• Kap 9a og aktivitetsplikten spesielt</li> <li>• Fylkesmannen si rolle i §9a- saker</li> </ul>	Alle repr. FAU og SU	Rektor
Innan utgangen av september	<p>Ikkje- anonyme klassemiljøundersøkingar blir gjennomført</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Klassetrivsel</a> og evt.andre oppfølgings-kartleggingar</li> <li>• Drøft på steg "teikn på at ein elev ikkje trivst" og dei sårbare elevane.</li> <li>• «Ressursteam» gjennomgår i lag med kontaktlærar på kvart steg.</li> <li>• Rektor avgjer vidare oppfølging</li> </ul>	Leiinga, sos.lærar,helse-sjukepl. Kontakt-lærar og aktuelle elever	"Ressursteam" Rektor Kontaktlærar
<b>oktober - venskap</b>			
Innan utgangen av oktober (før gjennomføring av utv.samt. i november)	<p>Formelle <a href="#">elevsamtalar</a> der trygt og godt skolemiljø er tema.</p> <p>Kontaktlærar rapporterer eventuell bekymring til sosiallærar, som rapporterer aktuelle saker videre til rektor</p>	1.-7. steg	Kontaktlærar Sosiallærar
I løpet av oktober / november	<p>Elevane sitt psykososiale læringsmiljø er tema i eit stegmøte for elevane.</p> <p>Dette blir gjort som oppfølging av klassemiljøundersøkingar i september.</p>	1.-7. steg	Kontaktlærar Sosiallærar
<b>november - samarbeid</b>			
November	Fellessamling: SAMARBEID <b>alternativ digital markering hausten 2020</b>	alle	4. steg og elevråd
Innan utgangen av november	Utviklingssamtalar	Elever og foresatte	Kontaktlærar og faglærar

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eleven sitt psykososiale læringsmiljø, trivsel, krenking og mobbing er fast tema i samtalen.</li> <li>• Kontaktlærar rapporterer funn til sosiallærar, som vidare rapporterer aktuelle sakar til rektor.</li> <li>• Rektor avgjer vidare oppfølging</li> </ul>		Sosiallærar Rektor
I løpet av november	Refleksaksjon – trygg skuleveg	1.-7.steg	FAU og elevråd
Innan 30. november	Internkontroll <a href="#">etter udir si sjekkliste</a>	1.-7. steg	Leiing
<b>desember - samarbeid</b>			
Desember	Julefrokost eller julelunsj på steg	Elevar og føresette	Stega og tillitsvalde foreldre
Innan utgangen av desember	Foreldreundersøkinga frå udir.no <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulen utarbeider og nyttar eigen gjennomføringsplan</li> </ul> Sikra god oppslutning og høg svarprosent	Føresette for elevar på 1.-7.steg	Leiinga med støtte i frå FAU
Innan utgangen av desember	Elevundersøkinga frå udir.no <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulen utarbeider og nyttar eigen gjennomføringsplan</li> <li>• Elevundersøkinga frå udir blir gjennomført for alle elever i tråd med Klepp kommune sine føringer.</li> </ul>	6. og 7. steg	Kontaktlærar og leiing
Siste skuledag	Førjulssamling (digital 2020)	1.-7. steg	3.steg
1. laurdag i desember	Juleverkstad i gымsalen (vert ikkje 2020 grunna Covid-19 reglement)	alle	FAU
<b>januar - respekt</b>			
Januar	Fellessamling: RESPEKT <b><i>alternativ digital markering våren 2021</i></b>	alle	5. steg og elevråd
Januar	Takk for innsatsen-dag  Valg av nye TL-elevar, leikekurs	TL-elevar	TL-kontakt og kontaktlærar
Januar	Resultata frå elev- og foreldreundersøkinga vert analysert i utviklingsgruppa, i personalet, på aktuelle steg, i elevråd, FAU og SU		Leiing
<b>februar - respekt</b>			
Innan utgangen av februar	Ikkje- anonyme klassemiljøundersøkingar blir gjennomført <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Klassetrivsel</a> og eventuelt andre opplygingsundersøkingar</li> <li>• Drøft på steg "teikn på at ein elev ikkje trivst" og dei sårbare elevane.</li> <li>• «Ressursteam» gjennomgår i lag med kontaktlærar på kvart steg.</li> <li>• Rektor avgjer vidare oppfølging</li> </ul>	Leiinga, sosiallærar, helse-sjukepl., Kontaktlærar og aktuelle elevar	"Ressursteam" Kontaktlærar
I løpet av februar	«Engelsvoll skule talentar»: teiknekonkurranse og elevinnslag innanføre song, musikk, dans og drama.	1.-7. steg	Elevrådsstyret og kontaktl. elevråd
<b>mars - ansvar</b>			
Mars	Fellessamling: ANSVAR <b><i>alternativ digital markering våren 2021</i></b>	alle	2. steg og elevråd

Innan utgangen av april	Formelle <a href="#">elevsamtalet</a> der trygt og godt skolemiljø er tema - Kontaktlærar rapporterer eventuell bekymring til sosiallærar, som rapporterer aktuelle sakar videre til rektor	1.-7. trinn	Kontaktlærar Rektor
<b>april - mot</b>			
April	Fellessamling: MOT <b><i>alternativ digital markering våren 2021</i></b>	alle	3. steg og elevråd
Når?	Litteraturveke/ leseprosjekt	1.-7. steg	Bibl.-ansvarlig i samarbeid med stega
Innan utgangen av april	Elevene sitt psykososiale læringsmiljø er tema i eit stegmøte saman med elevane. Dette blir gjort som oppfølging av klassemiljøundersøking i februar.	1.-7. steg	Kontaktlærar i lag med steg og evt sos.lærar
Innan utgangen av april	Felles foreldremøte og årsmøte i FAU Foreldremøte på steg <ul style="list-style-type: none"> <li>• Steget sitt psykososiale miljø er tema på foreldremøte</li> <li>• Val av nye tillitsvalde føresette</li> </ul>	Føresette	Forledre-kontaktar i samarbeid med kontaktlærar
April	Påskesamling	6.steg	Kontakt-lærar
Når?	Solidaritetsaksjon/ Hei verden!	1.-7. steg	Komit�/ steg
<b>mai - mot og omtanke</b>			
Mai	Fellessamling – MOT <b><i>alternativ digital markering våren 2021?</i></b>	Alle	1. steg og elevråd
Innan utgangen av mai	Utviklingssamtalar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eleven sitt psykososiale læringsmilj�, trivsel, krenkelser og mobbing er fast tema.</li> <li>• Kontaktl�r�r rapporterer funn til sosiall�r�r, som videre rapporterer aktuelle saker til rektor.</li> </ul> Rektor avgjer vidare oppfylging	Elevar og føresette	Kontaktl�r�r og fagl�r�r  Rektor
Siste skuledag før nasjonaldagen	�vetog og 17. mai- samling	1.-7. steg	7. steg
Innan utgangen av mai	Evaluering av dette �rshjulet og skulen sitt arbeid med elevene sitt psykososiale skolemilj� i ; <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevr�d</li> <li>• FAU og SU</li> <li>• Tilsette</li> </ul>		«Ressursteam» Rektor Leiar FAU
<b>juni - omtanke</b>			
Siste 2 veker	Aktivit�sdagar	1.-7. steg	Komit�/ steg
Onsdag siste veke	Avslutningsfest for avgangselevar p� 7.steg	7. steg og føresette	Foreldre-kontaktar Tale v/ rektor
	Takk for innsatsen-dag	TL-elevar	TL-koordinator
Siste skuledag	Sommaravslutning i skulegarden/samling i gymsal	1.-6. steg	Leiing/ l�r�rarar
Juni	Avslutningstur for SFO	3.-4.steg	SFO
<b>ANNA RELEVANT ARBEID KNYTT TIL ARBEIDET MED EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJ�</b>			
Kontinuerlig gjennom �ret	Vera ein <a href="#">autorit�iv klasseleiar</a> og vaksen, som sikrar at elevane m�ter trygge	For 1.-7. steg	Alle tilsette

	<p>og forutsigbare vaksne, med eit kollektivt autoritativt elevsyn.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei tilsette handhever felles reglar likt</li> <li>• Dei tilsette er tilstades i elevmiljøet til avtalte tider</li> <li>• Alle tilsette skal sikra arbeidsformer der alle kan bidra og alle bidrag blir anerkjent. <a href="#">Inkluderande undervisning</a>.</li> </ul>		
Kontinuerlig gjennom året	<p>Tilsynsplan og instruks for «godt tilsyn»</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Følge oppsatt vaktplan og instruks for god vakt.</li> <li>• Nytt tilsyn aktivt for førebygging og avdekking av uønska åtferd</li> </ul>	For 1.-7. steg	Alle tilsette
Årshjul for utviklingsgruppa	Utviklingsgruppa har elevene sitt læringsmiljø oppe som tema på møte gjennom året. Tilbakemeldingar frå teama blir vektlagt spesielt.	For elevane	Rektor
Årshjul for teammøter	Avdelingane, team 1 og 2, har elevene sitt læringsmiljø oppe som tema på møte gjennom året. Tilsyn i friminutta blir vektlagt spesielt.	For elevene	Kontaktlærar og teamleiar
Årshjul for SFO	Barna sitt sosiale miljø er tema på personalmøte i SFO <ul style="list-style-type: none"> <li>• SFO- personalet er <a href="#">autoritative vaksne</a></li> <li>• SFO- personalet arbeider proaktivt for å inkludera alle i leiken, dei tek initiativ til leik, lagar ulike leikegrupper og ser til at ingen av barna går ålene</li> </ul>	For barna på SFO	SFO- leiar og personale
Kontinuerlig	Klepp kommune sitt avviks- og dokumentsystem Compilo blir brukt ved avvik eller skade.	For elevar og tilsette	Alle tilsette og leiargruppa

## **Kapittel 9 A. Elevane sitt skolemiljø**

### **§ 9 A-1.Verkeområde for kapitlet**

Kapitlet her gjeld for elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen.

Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skolefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

### **§ 9 A-2.Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### **§ 9 A-3.Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte.

Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

### **§ 9 A-4.Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø**

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

### **§ 9 A-5.Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenker ein elev**

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal vedkommande straks varsle rektor.

Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-6.Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker  
Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.  
Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.  
Skolen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka.  
Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.  
Kjem Fylkesmannen til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka.  
Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 9 A-12.  
Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skoleeigaren har ikkje klagerett.

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_11#§9a-1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#§9a-1)

Vedlegg 2:

# **Ordensreglement for skulane i Klepp kommune**

Vedtatt av hovudutval Barn og unge i Klepp kommune 11.04.19 med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregående opplæringa (Opplæringslova) §9A - 10.

## **1. INNLEIING**

### **1.1 Formål**

Alle skal møta og behandla kvarandre med respekt. Det inneber blant anna at me skal vera opne, lyttande og greie mot kvarandre. Alle er forskjellige, men skal behandlast som likeverdige. Ordensreglementet skal fremje samarbeid, engasjement, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet.

Ordensreglementet tek utgangspunkt i at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen er til for elevane, og ordensreglementet skal bidra til at elevane ønsker og kan vere med på å skape eit slikt miljø.

Det er nulltolerane for krenkande åtferd, som fysisk eller psykisk mobbing, vald og truslar om vald.

### **1.2 Verkeområde**

Ordensreglementet inneholder reglar for både orden og åtferd. Vidare inneholder det reglar for kva slags tiltak (sanksjonar) som skal brukast mot elevar som bryt reglementet i tillegg til saksbehandlingsreglar for korleis slike saker skal behandlast.

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar og turar m.m. der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område. Dette kan vere i prosjekt, på studieturar, overnattingsturar og liknande. I tillegg gjeld ordensreglementet for det som skjer i det digitale rommet i skuletida. Dette inneber at ordensreglementet gjeld når skulen har svaret for elevane.

Ordensreglementet omfattar grunnskulane i Klepp kommune. Reglane gjeld også for Klepp kulturskule.

Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er i kva grad eleven følgjer skulen sitt ordensreglement, jf. forskrift til opplæringslova §3-5.

## 2. ELEVANE SINE RETTAR OG PLIKTER

### 2.1 Som elev har du rett til

- eit læringsmiljø som gir deg tryggleik og at du hører til sosialt.
- å bli hørt i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen.
- å forklara deg før det blir tatt ei avgjerd om konsekvensar.
- at alle behandler deg på ein skikkeleg måte.
- at andre viser deg respekt og lar tinga dine vere i fred.
- å vera fri for fysisk, psykisk, verbal og digital mobbing.

### 2.2 Som elev har du plikt til

- å følge allment aksepterte normer i samfunnet for god folkeskikk og åtferd.
- å følge skulen sitt ordensreglement.
- å rette deg etter meldingar og pålegg frå alle som arbeider ved skulen.
- å arbeide for og bidra til eit godt læringsmiljø.
- behandle andre på ein skikkeleg måte.
- å vise respekt og la andre sine ting vere i fred.
- å ikkje plage eller mobbe nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt.

## 3. REGLAR

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for barn, unge og voksne. Alle har eit ansvar for korleis skolemiljøet er og blir utvikla. Det er difor viktig at både elevar, føresette og tilsette arbeider for å skapa eit godt arbeids- og læringsmiljø. Skulane i Klepp har som mål at alle skulane i kommunen skal oppleva eit godt og utviklande lærings- og skolemiljø.

### 3.1 Reglar om orden.

Det er god orden å:

- møte presis til undervisning og avtalar.
- vere førebudd til timane og gjere heime- og skulearbeid til avtalt tid.
- ha god arbeidsinnsats i alle timane.
- ha med læremiddel og utstyr til rett tid.
- vere på skulen og delta i undervisninga heile dagen.
- la andre sine eidedelar vere i fred.
- ta godt vare på personlege eidedelar og så langt det er mogeleg unngå å ta verdisaker med på skulen.
- ta godt vare på skulen sine bygg, inventar, lærebøker, undervisningsmateriell slik at dei ikkje vert utsette for hærverk og unødig slitasje.

- legge mobiltelefonen/smartklokke avslått på avtalt plass når skuledagen tek til (heime eller på skulen)
- parkere sykkelen eller andre framkomstmiddel ved tilviste plassar og la dei vere parkerte i skuletida.
- legge ytterklede, sko, hovudplagg og vottar på tilvist plass før alle undervisningsøkter.
- halde seg på skulen sitt område i skuletida.
- bruke sykkelhjelm på sykkelturar i skulen sin regi.

### 3.2 Reglar om åtferd

Det er god åtferd å:

- behandle andre på ein ordentleg måte og vise respekt og omsyn overfor kvarandre
- ikkje utsetje andre for fysisk, psykisk og/eller verbal mobbing og plaging, digital mobbing og krenkjande åtferd
- Ikkje banne, slåss og forstyrre andre sin leik
- Ikkje kome med rasistiske utsegn og handlingar, eller sjikanere pga. religion eller livssyn.
- vere hyggelege og høflege mot kvarandre.
- bidra til eit godt lærings- og skolemiljø der ein viser respekt for undervisninga.
- delta i undervisninga i den form ho er gitt, halde arbeidsro i timane og følge gjeldande reglar i prøve- og undervisningssituasjonar.
- ikkje fuske eller plagiere på prøver eller innleveringar.
- ikkje vere rusa og ikkje bruke, oppbevare, omsette eller ha tobakk, e-sigarettar, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement.
- ikkje ha ulovlege eller farlege gjenstandar.
- Ikkje ha reklame for narkotika, rusmidlar og kriminelle nettverk.
- ikkje kaste snøball anna enn på tilvist plass.
- ha sunne matvanar. Derfor tillet vi ikkje snop/brus/energidrikk på skulen. Snop må avklarast med rektor på førehand.
- ikkje bruke/ha påslått digitalt utstyr utan at det er avtalt med ein lærar.
- Ikkje forlata skulen sitt område utan avtale med skulen.

## 4. SANKSJONAR

Sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva for nokre reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglementet. Tiltak bør kome så nær regelbrotet i tid som mogeleg. Dersom det er mogeleg, skal eleven gis høve til å gjere opp for seg.

Elevane har krav på å forklare seg for den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har i møte med skulen, rett til å ha med seg ein person. Vedtaket skal grunngjevast.

Brot på reglar som følger av lov eller reglement, kan sanksjonerast etter reglane i dette kapitlet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Elevane plikter å overhalde pålagde sanksjonar. Dersom så ikkje er tilfelle, kan det påleggjast nye sanksjonar.

Fysisk refsing og andre krenkande handlingar skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vasking etter seg sjølv og andre.

#### 4.1 Moglege sanksjonar:

- Munnleg irettesetjing. Dette kan bli gitt av vaksen når ein bryt ein av skulen sine reglar.
- Munnleg melding til føresette. Dette kan bli gitt av vaksen når ein bryt ein av skulen sine reglar.
- Skriftleg irettesetjing. Dette kan bli gitt av vaksen når ein bryt ein av skulen sine reglar.
- Skriftleg melding til føresette.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen sin eidegom eller eideelar.
- Erstatning. Dersom elevar øydelegg skulen sitt materiell, bygning, inventar, må dette erstattast etter lov om skadeerstatning.
- Sitje inne i friminutt.
- Undervisning på eit anna trinn for ein periode.
- Inndraging av gjenstandar som vert brukte på ein farleg eller provoserande måte og/eller andre gjenstandar som ikkje skal vere med til skulen. Inndregne gjenstandar kan tilbakeleverast til føresette. (Ulovlege gjenstandar vert levert til politiet)
- Fusk på prøvar kan føre til at prøven blir annullert. Om eleven skal få ein ny sjanse, blir vurdert, slik at eleven får høve til å vise kompetansen sin
- Attsitting etter at føresette først har fått melding
- Parade. Lærar kan gje parade. Parade blir nytta ved gjentekne brot på ordensreglementet.
- Bortvisning frå klasse/gruppe for resten av timen eller dagen.  
Rektor kan delegere til lærarar å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt avgrensa oppover til 2 timer
- Bortvisning frå skulen i inntil 3 dagar for elevar på 8.-10. trinn

Elevar i grunnskulen kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen.

Foreldre/føresette skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.

- Lærar tek mobiltelefonen/smartklokke frå eleven dersom den ikkje ligg avslått og i sekk/skap. Skulen kan behalde mobiltelefonen ut skuledagen, og ikkje utover skuletid
- Midlertidig eller permanent skulebyte
- Nedsett karakter i orden og åtferd
- Skulen vil melda straffbare forhold

#### 4.2 Meir om konkrete brot og /eller sanksjonar:

Mobbing og vald

Krenkande åtferd som mellom anna mobbing, diskrimering, vald eller truslar om vald, blir ikkje akseptert.

Elevar som utøver mobbing, vald eller truar med vald, kan visast bort frå undervisninga/skulen. Lengda på bortvisinga vil vere avhengig av alvoret. Dersom eleven si åtferd ikkje vert endra etter at tiltak og sanksjonar er forsøkt gjennomførte, kan byte av skule vurderast midlertidig eller permanent. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Skulesjef skal eventuelt ta ei slik avgjerd, jf. oppl.I. §8-1.3. Grove episodar blir melde til politiet.

Ulovlege/farlege gjenstandar

På skulen sitt område eller arrangement er det ikkje lov å ha med seg ulovlege gjenstandar eller gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på seg sjølv eller andre. Narkotikaliberaliserande symbol/reklamesymbol for rusmidlar og symbol for kriminelle nettverk mm er ulovleg i skuletida, samt alt som kan assosierast med kriminalitet, hat og diskriminering. Gjenstandar kan beslagleggast av skulen. Ulovlege gjenstandar vert overleverte til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar vert overleverte til eleven sine føresette etter avtale med desse.

Hærverk

Elevar som utøver hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar. Ein føresetnad for dette er at eleven bør kunne klare arbeidet, og at arbeidet står i rimeleg forhold til brotet.

Ved hærverk vil eleven og/eller føresette kunne bli haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og anna utstyr. Eleven kan gis høve til å utbetre skadane sjølv, dersom dette er hensiktsmessig.

Skulen skal reagere på same måte dersom elevar øydelegg andre elevar eller tilsette sine egedelar.

Privat og kommunalt eige elektronisk/digitalt utstyr, Internett og sosiale medium

Elektronisk utstyr skal berre brukast til skullearbeid styrt av lærar.

Skulen sin tilgang til internett skal berre brukast i samband med undervisning. Sosiale media skal nyttast lærarstyrt. Lærar kan inndra utstyr ved bruk som ikkje er avtalt med lærar.

### Ugyldig fråvær

Elevane har plikt til å møte presis til undervisninga og plikt til å delta i den form ho er gitt. Ugyldig fråvær er brot på ordensreglementet og skal tilleggast vekt når ordenskarakteren vert fastsett.

Dersom eleven er ulovleg borte frå skulen eller gjentekne gonger kjem for seint, skal føresette kontaktast for å få klarlagt årsaka til fråveret eller at eleven kjem for seint. Dei tiltaka som vert iverksette, må sjåast i samanheng med årsaka og eventuelt kor ofte dette skjer. Foreldra må gjerast merksame på det ansvaret dei har ifølgje Opplæringslova §2-1.

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad gje den enkelte elev permisjon i inntil 10 dagar. Kontaktlæraren avgjer permisjonssøknadar på inntil 2 dagar, jfr. opplæringslova §2-11.

### Rusmiddel, tobakk og snus

Det er ikkje tillatt å vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller ha tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement.

Skulen kan beslagleggje rusmidla eller tobakken. Ulovlege rusmiddel blir overlatt til politiet.

### Vurdering i orden og åtferd

Reglar for vurdering i orden og åtferd er heimla i forskrift til opplæringslova §§3-5 og 3- 6.

Karakteren i orden og åtferd (frå 8. trinn) skal som hovudprinsipp settast ned frå beste karakter ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar i skulen sitt ordensreglement.

I tillegg kan karakteren settast ned ved spesielt grove brot på reglementet sjølv om det er snakk om enkelthendingar.

Dersom ein elev står i fare for å få nedsett karakter i orden eller åtferd, skal eleven og dei føresette få skriftleg varsel. Varslet skal gis utan ugrunna opphold slik at betre orden og åtferd kan påverke karakteren.

### Politimelding og straffbare forhold

Dersom det føreligg mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om politiet si hjelp. Eleven sine foreldre/føresette skal, dersom det er

mogeleg, varslast munnleg samtidig som politiet vert beden om hjelp. Foreldre/føresette skal uansett ha skriftleg melding om at det er søkt om politiet si hjelp.

Skade på skulen sin eide dom vil kunne bli politimeldt. Straffbare forhold mot person vert som hovudregel meldt av den som blir utsett for desse, den fornærma, men skulen kan også melde.

#### Undersøking

Ved grunn til mistanke om brot på reglar knytte til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmiddel og tobakk, kan skulen si leiing be eleven sine føresette om lov til å foreta kontroll av skap eller skulesekk. Dersom det er mogleg, skal eleven sine føresette gis høve til å vere til stades ved ein eventuell kontroll.

#### Nødverge

Når det i heilt spesielle, akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skade seg sjølv eller andre, vil det vere nødvendig å stanse eleven. Det kan vera nødvendig å skilje eleven frå resten av gruppa og plassere eleven i eit eige rom for ein kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og føresette. Bortvisning vil bli vurdert.

#### Erstatning

I tillegg til å bli ilagt sanksjonar etter reglementet her, kan eleven bli erstatningsansvarleg etter erstatningsrettslege reglar.

#### Foreldre/føresette

kan bli erstatningsansvarlege for skade gjort med vilje eller uaktsamt av deira barn med inntil kr. 5000,- for enkelthending, jf. skadeserstatningslova §1-2.

### 5. SAKSBEHANDLINGSREGLAR VED SANKSJONAR

Saksbehandling av brot på ordensreglementet følger reglane i opplæringslova. I den grad avgjerda om å ilette ein sanksjon reknast som eit enkeltvedtak, følgjer ein sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kap. III - VI.

#### Bortvisning

Ved alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet kan elevar på 8. - 10. trinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, jf. opplæringslova §9A - 11.

Rektor sjølv vedtek bortvisning etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det vert gjort vedtak, skal eleven ha fått moglegheit til å forklare seg munnleg, og ein skal ha vurdert andre sanksjonar.

Foreldre/føresette til elevane skal varslast før bortvising blir iverksett for heile dagar.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø  
Skulen har aktivitetsplikt dersom ein får kunnskap om at eleven ikkje har eit godt og trygt skulemiljø, jf. Opplæringslova §9A-4.

## 6. PROSEDYRAR FOR VEDLIKEHALD OG OPPFØLGING AV RUTINAR

Årshjul blir utarbeidd av kvar einskild skule.

## 7. IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.08.2019. Forskrifta gjeld inntil nytt reglement vert vedteke.

## 8. KUNNGJERING

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved byrjinga av skuleåret. Det vil og vera tilgjengeleg på Klepp kommune sine nettsider: [www.klepp.kommune.no](http://www.klepp.kommune.no)



## Vedlegg 3:

Unntatt offentlegheit jfr. Offl. §5a og forvl. §13

# Aktivitetsplan jfr opplæringslova kapittel 9A

«Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø»

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.»

Skulen vil gjennom ulike tiltak i aktivitetsplanen, og i samarbeid med føresette og elev, arbeide for at eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø blir oppfylt.

<b>Planen gjeld for:</b>		
Klasse:	Fødselsdato:	Skule:

<b>Varslinga er motteken:</b>	
Dato:	Mottakar:

<b>Bakgrunn for varslinga/skildring av utfordring:</b>

<b>Informasjon om undersøkingane skulen har gjort:</b>

Nokre tiltak vil vera retta inn mot kartlegging, enkeltelev, grupper og eller klassar/trinn.

Eleven sjølv skal medvirke. Det er viktig at ein i utforminga av handlingsplanen ser på den/dei som vert utsett, den dei som utøver og heile klassemiljøet.

<b>Tiltak 1</b>	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

<b>Tiltak 2</b>	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

<b>Tiltak 3</b>	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Planen er utarbeidd (dato):	Medverkande:
-----------------------------	--------------

Signatur rektor:

---

Vedlegg 4:

Unntatt offentlighet jfr. Offl. §5a og forvl. §13

# Evaluering av tiltak i aktivitetsplan

Jfr. Opplæringsloven kap 9A

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» §9A-2

«Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald til dette kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.» §9A-3 ledd 2

«Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde.» §9A-4 ledd 5

Utfylt skjema fungerer som referat frå møtet.

Elev:	Klasse:	Dato for møte:
Kven deltar på møtet:  (Før- og etternavn)		

Evaluering av tiltak:

## ELEVEN SI VURDERING:

- Korleis opplever eleven situasjonen nå på skulen?
- Korleis opplever eleven at tiltaka har fungert?
- Eleven sine synspunkt om vidare oppfølging.

## FØRESETTE SI VURDERING:

- Korleis opplever føresette\_situasjonen nå på skulen?
- Korleis opplever føresette at tiltaka har fungert?
- Føresette sine synspunkt om vidare oppfølging.

## SKULEN SI VURDERING

- |   |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Korleis opplever skulen situasjonen nå?</li> <li>▪ Korleis opplever skulen at tiltaka har fungert?</li> <li>▪ Skulen sine synspunkt om vidare oppfølging.</li> </ul> |
|   |

**OPPSUMMERING**

Behov for nye tiltak/ vidareføring av tiltak:	Grunngjeving:
Saka blir avslutta:	Grunngjeving:

Eventuelt dato for nytt evalueringsmøte:	
--	--

Sign. rektor:

---

Avtale og oppfølging kring sosiale forhold etter observasjon, samtalar eller klassetrivselundersøkingar som ikkje kjem inn under §9a, men som det vert arbeidd med som ein del av arbeidet med sosial kompetanse.

Dato for observasjon:

Namn på involverte elevar:

Skildring av hendinga/det som er observert/oppdaga:

Anna faktainformasjon:

Plan for vidare oppfølging:

Underskrift og dato:

Vedlegg 6:

Elevsamtal med elev som opplever at dei ikkje har det trygt og godt på skulen

Dato:	Namn på eleven:
Korleis har du det på skulen?	
Er det nokon som planar deg?	
Kva trur du problemet kjem av?	
Kor tid vert du plaga? (Kva, kor og kor tid)	
Kva må forandrast for at situasjonen skal bli betre for deg?	
Kva kan eg som vaksen gjera for at du skal få det betre på skulen?	
Er det noko du kan gjera sjølv?	
Kva meir ønskjer du å fortelje meg?	
Avtale om nytt møte Dato: _____ Tid og stad: _____	
Konkrete mål/tiltak til neste gong: 1) 2) 3)	

Vedlegg 7:

Elevsamtal med elev som plagar/mobbar/lagar kvardagen utrygg for andre elevar

Dato:	Namn på elev:
Konfronter eleven med det du veit om plaginga/mobbinga:	
Eleven forklarer sin versjon:	
Kvifor gjer du dette?	
Kven andre meiner du er med på dette?	
Kva kan du gjera for å få slutt på dette?	
Kva kan eg som vaksen gjera for at du skal slutta?	
Er det noko meir du vil fortelje meg?	
Avtale om nytt møte Dato: Tid og stad:	
Konkrete mål/tiltak til neste gong: 1) 2) 3)	

Vedlegg 8:

## Oppfølgingssamtale med elev om trygt og godt skolemiljø

### Jfr. opplæringsloven kap 9A

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» §9A-2

«Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, ....» §9A-3 ledd 2

«Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde.» §9A-4 ledd 5

Utfylt skjema fungerer som referat fra samtalene.

Skjemaet er ikke obligatorisk i saksbehandlingen, men kan brukes i de sakene der det er aktuelt.

Elev:	Klasse:	Dato for samtale:
Hvem er tilstede under samtalen:		

#### ELEVENS VURDERING

- Hvordan eleven opplever nåsituasjonen på skolen?
- Hvordan eleven opplever at tiltakene har fungert?
- Ny informasjon

#### SKOLENS VURDERING

- Skolens observasjoner og vurderinger
- Skolens råd/veiledning til eleven

#### OPPSUMMERING ETTER SAMTALE

--

**NY OPPFØLGINGSSAMTALE**

Ja:	Når:
Nei:	Begrunnelse:

Sign. elev:

Sign. lærer:

Vedlegg 9

Varslingsskjema

Dato for observasjon:	Stad:
Innvolverte elevar:	
Skildring av hendinga: Kva er observert?	
Anna faktaobservasjon:	
Underskrift og dato:	

Varslingsskjema skal leverast til rektor.

Vidare handsaming:	Ansvarleg:
Underskrift rektor:	

Vedlegg 10:

KVA KAN VERE SIGNAL PÅ MANGLANDE TRIVSEL?

- Vanskår med konsentrasjon
- Vanskår med å læra
- Utrygg eller skremt
- Engsteleg
- Snakkar eller tenkjer nedsetjande om seg sjølv eller familien
- Trøytt, sliten, vanskår med å sove
- Passiv
- I forsvar, lettskremt, uroleg
- Vanskeleg forhold til mat
- Skadar seg sjølv eller andre
- Hovudverk, magevondt, muskelplagar
- Syner teikn på fysisk vald
- Uro i kroppen, rastlaus
- Tilbaketrekking og isolasjon, stille
- Teikn på omsorgssvikt (hygiene, søvn, klede, tenner, mat)
- Ofte i konflikt
- Aggressiv
- Er mykje åleine, vert haldt utanfor
- Manglande interesse for omverda
- Inneslutta og søker ikkje kontakt lenger
- Meistrar ikkje sosial kontakt
- Vaktsam i forhold til andre
- Avviser kontakt med vaksne/støtte
- Tek for mykje ansvar for andre
- Er ofte borte frå skulen
- Snakkar usant, overdriv ofte
- Held ikkje avtalar
- Blir lett påverka av uro
- Tydelege endringar i åtferd
- Uvettig nettbruk